

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024:

Kommuneoverlege Peter Kubon presenterte rapporten.

Reidar Øksnes (Sp) peika på at det er mykje ein kan spara som samfunn ved å henta inn ungdommar før dei fell utanfor. Set av pengar til næringsutvikling, må setta av pengar til dette også.

Terje Håland (Ap) spurte om ein har god nok kunnskap om kven som bur i Austrheim. Meiner at forskjellane aukar, større skilnad i inntekter, ulik interesse for å bidra etter arbeidstid for ulikt frivillig arbeid. Kva veit ein for å vita at ein gjer riktige tiltak.

Peter Kubon svara at det er vanskeleg å rekna ut kva som faktisk løner seg av ulike tiltak. Ser det som viktig å satsa på frivillig arbeid, som også bidrar til inkludering. Må sjå på om dette er så vesentleg at dette er noko som må satsast på.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om tiltaket med miljørettlear i skulen gjev den effekten ein ønskjer. Kommunedirektør Fjellhaug svara at miljørettlear gjer ein god jobb, men at ein person ikkje kan løysa dette aleine. Krev innsats frå alle. Vil også sjå situasjonen klarare når tala frå ungdagsundersøkinga er klare, dei vert presenterte for kommunestyret i september.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.

Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

